

PADLING I AUSTRHEIM

Søknad Gjensidigestiftinga februar 2016

Kort omtale av tiltaket:

Austrheim kommune har dei siste åra arbeid mykje med eit prosjekt på å **oppgradere og vedlikehalde** eksisterande turstiar i kommunen. Vi har også arbeid med **etablering av nye** spanande turstiar i lokalsamfunnet vårt. Arbeidet har vore administrert av kommunen, men det praktiske har vore utført av grendalag, velforeningar, einskildpersonar og andre organisasjonar. Planar for og arbeidet med merking av padleløyper og sykkelløype er også i gang.

Diverre har vi ikkje fått nok midlar til å fullføre alle planane vi har, men vi er svært glade for midlar vi har fått, og det arbeidet vi no har gjennomført.

Eit anna nytt punkt vi her tek med i søknaden er **informasjonstavle på Krossøy**. Denne skal syne tursti og meir av det ein finn på denne øya heilt ute i havgapet ved innseglinga til Austrheim. I tillegg er det sett opp informasjonsskilt på ein topp på øya (32 moh). Her er det utsikt til 15-20 kommunar. Utruleg nok.

Så denne søknaden dreier seg om fylgjande:

1. Oppstartstavler på 11 stader i kommunen der kajakkfolket kan parkere bilen og setje ut kajakken for ein tur i skjergarden vår.
2. Informasjonstavle på Krossøy

Informasjon om lokal prosjektorganisering:

- Prosjektet er leia av Austrheim kommune v/leiar for kulturavdelinga Kari Utkilen og prosjektkoordinator/folkehelsekoordinator Helge Dyrkolbotn

Vi støttar oss på hjelp/dugnad og positiv innstilling hjå:

- Grendalag og velforeningar
- Einskildpersonar
- Reiselivsaktørar
- Grunneigarlag
- Bergen og omland friluftsråd
- Båtforeningar/eigarar av småbåthavner

Plan for drift og vedlikehald:

Kommunen har samarbeid med ulike grendalag, velforeningar, andre lag og organisasjonar, grunneigarar og einskildpersonar når det gjeld vedlikehaldet. Har 1-2 møter med desse i året.

Oppsummert kan ein sei det slik at drift og vedlikehald av turstier vert eit godt samarbeid mellom Austrheim kommune og fleire andre aktørar. Vi har her funne ein arbeidsmåte som har fungert godt i fleire år no, og vi ynskjer å halde fram slik

Enkel aktivitetsplan

Det er ikkje lett å dokumentere aktivitet ut frå desse padleskilta og tavla i Krossøy. Det må gjerast ved å ha dialog med grunnelgarar/båtforeningar etc som er aktive i området. Ein ide som vi vil vurdere er ei turbok ved nokre av punkta der dei besøkjande kan skrive seg inn.

Plan for marknadsføring

Kart:

Padleøypene er med på **turkartet** som kommunen fekk gjeve ut i 2012 . Kartet er og tilgjengeleg via kommunen si heimeside.

Internett:

Alle padleøypene vil bli beskrivne på kommunen si heimeside www.austrheim.no . Her vil det også ligge kart som syner kvar padleskilta er plassert slik at padleentusisastar kan orientere seg på førehand. På kommunen si Facebookside vert det også gjeve anbefalingar på turar som innbyggjarane kan ta.

Både padleskilt og informasjonstavle på Krossøy vil ha ein QR-kode som henviser til engelsk og tysk tekst.

Informasjonsmateriell:

Padleøypene vil bli beskrivne i eigne brosjyrar når vi er klare for dette. Både samla og kanskje kvar for seg.

Vedlegg:

1. Oversynskart 1:25.000 – ligg ved
2. Plassering av padleskilt og Krossøyskiltet er teikna inn på kartet.